

Møte nr. 4

Kontrollutvalet i Forsand INNKALLES TIL MØTE 30. august 2011 kl. 08.30 i Møterom oppe

SAKLISTE

Godkjenning av innkalling og saksliste

- 19/11 [Godkjenning av protokollar frå møta 24. mai og 25. august 2011](#)
- 20/11 [Oppfølging av revisjonen sine merknader til årsrekneskapen 2010](#)
- 21/11 [Førebuing til bestilling av forvaltningsrevisjon: Innkjøp til drift og investering](#)
- 22/11 [Budsjett for kontroll og tilsyn 2012 - kontrollutvalet sitt forslag](#)
- 23/11 [Budsjettoppfølging kontroll og tilsyn pr 31.07.2011 - rapport](#)
- 24/11 [Revisor si uavhengighet - egenerklæring frå oppdragsansvarleg revisor](#)
- 25/11 [Statusoversikt kontrollutvalet sine saker](#)
- 26/11 [Orientering om overordna revisjonsstrategi 2011](#)
- 27/11 [Rapport selskapskontroll: Rogaland Revisjon IKS](#)

EVENTUELT

MELDINGAR

Periode: 16. april 2011 - 30. august 2011

Nr. Referatsakstittel

- 6/11 [Evaluering av kontrollutvalet sitt arbeid i perioden](#)

Vennleg meld eventuelt forfall snarast på telefon 51 97 65 91 eller mobil 414 46 180, eller på e-post til postmottak.rks@sandnes.kommune.no.

Ved forfall vert varamedlemmer innkalla serskilt. Medlemmer som meiner seg inhabile, må og gje melding dette, slik at varamedlemmer kan innkallast.

Evt. saker merka (Unnateke offentleggjering i medhald av off.l) sendast berre til medlemmer/varamedlemmer.

Forsand, 24. august 2011

Torstein Haukalid
Leiar av kontrollutvalet

Per Kåre Vatland
Sekretariatet

ROGALAND KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS

Arkivsak : 201100005
Arkivkode : E: 049
Saksbeh. : Per Kåre Vatland

Behandlast av utval: Kontrollutvalet i Forsand	Møtedato 30.08.2011	Utvallsaksnr. 19 /2011
--	-------------------------------	----------------------------------

GODKJENNING AV PROTOKOLLAR FRÅ MØTA 24. MAI OG 25. AUGUST 2011

Sjå vedlagt protokoll frå kontrollutvalet sitt møtet 24. mai 2011

Vidare ligg og ved protokoll frå møtet 25. august 2011 som var fellesmøte for kontrollutvala som hadde bestilt selskapskontrollen i Rogaland Revisjon IKS

Forslag til

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand godkjenner protokollane frå møta 24. mai og 25. august 2011.

SANDNES, 10.08.2011

Per Kåre Vatland
Rådgivar

Vedlegg:

1. [Protokoll frå møtet 24. mai 2011](#)
2. Protokoll frå møtet 25. august 2011

[Saksliste](#)

[Neste](#)

ROGALAND KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS

Arkivsak : 200800183
Arkivkode : E: 210
Saksbeh. : Per Kåre Vatland

Behandlast av utval: Kontrollutvalet i Forsand	Møtedato 30.08.2011	Utvallssaksnr. 20 /2011
--	-------------------------------	-----------------------------------

OPPFØLGING AV REVISJONEN SINE MERKNADER TIL ÅRSREKNESKAPEN 2010

Bakgrunn

Då kontrollutvalet på møtet 15.04.11 behandla årsrekneskapen 2010, vedtok dei å følgje opp revisjonen sine merknader i revisjonsmeldinga og årsoppgjersnotatet. Kontrollutvalet har fått ei skriftleg tilbakemelding får kommunen som ligg ved saka. Rådmann og økonomileiar hadde ikkje anledning å kome i møtet

Saksutreiing

I sitt notat går økonomileiaren kommenterar merknadene i revisjonsmeldinga og årsoppgjersnotatet. På eit par av punkta kjem kommunen med avklarande opplysningar om merknadane. Der kor det er nødvendig med tiltak går det fram av notatet kva tiltak som er sette i verk.

Me viser til notatet.

Forslag til

VEDTAK:

[Kontrollutvalet tek rådmannen si oppfølging av revisjonsmerknadar til etterretning.](#)

SANDNES, 23.08.2011

Per Kåre Vatland
Rådgivar

Vedlegg:

1. [Tilbakemelding på revisjonen sine merknader til årsrekneskapen 2010](#)

[Saksliste](#)

[Neste](#)

[Førre](#)

MERKNADAR:

1. Kommunen har ikkje sett opp ei avstemming av innberetta lønn mot rekneskapen

Skjema 1022 var ikkje korrekt utfylt i perioden då årsavslutninga var og blei då sett på som ikkje avstemt, sjølv om postane mellom lønn og regnskap var kontrollert på anna vis. Det er nå enighet om korleis skjemaet skal fyllas ut og det blir gjort månadleg.

2. På einsskilde postar var det store avvik mellom avlagt rekneskap og budsjett.

Den største posten her var gevinsten på finansielle omløpsmidler. Desse verdiane er ikkje klar før etter årsskifte. Budsjettendringane skal vedtas av kommunestyret innan rekneskapsåret er omme og det er dermed for tidleg i desember å justera dette. Elles har Forsand kommune alltid budsjettert desse lågt då dette er svært usikre inntekter som svingar i takt med markedet. Det skulle og vore budsjettert disponering av mindreforbruket for 2009, det blei ved ein inkurie ikkje gjort men vil for framtida bli utført.

Overføring drift- investering gjaldt manglande korrigering av budsjett på tidlegare løyva prosjekt og overføring av all mva istaden for mva av investering. Dette vil for framtida bli korrigert.

ANDRE FORHOLD

3. Leigeinntekter næringsbygg er ikkje regulert dei siste 10 åra

Alle leigeinntekter vert indeksregulert kvart år etter avtaleinngåing men utgangspunktet er sats som er meir enn 10 år gammal.

4. Avstemming mellom fagsystem og rekneskap (lege, barnevern og sosialkontor)

Det har vore møte mellom revisjonen/rådmannen/økonomi og seksjonsleiar for helse- og sosial. Konklusjonen vart at det ikkje trengs eiga avstemming mellom barnevern/sosial då denne internkontrollen vart sett på som god nok. Legekontoret har skifta system og her skal det foretas avstemming.

5. Informasjon på rekneskapsutskrifter som er tausheitsbelagde.

Det var tidlegare praksis å motrekna avdrag på sosiallån i utbetaling av bustøtte, dette kom då fram i rekneskapen med navn. Praksis er nå endra slik at avdrag på sosiallån blir fakturert.

6. Avgiftsfeil på innkjøp

Desse feila blir først og fremst gjennomgått og korrigert på økonomikontoret i samband med kvar termin. Det gjeld som oftast feil mva-kode knytt til fakturabehandling. For å førebyggja dette og redusera feil har me hatt internt kurs for nyttilsette og andre som treng opplæring. Dersom feila vedvarer har me i tillegg hatt opplæring 1-1 på kontoret. Utfordringa er å følge opp når det blir endring (tilgang/avgang/permisjon) i stillingar.

7. Investering kor det uklart kven som eig anlegget og om avgiftsbehandlinga er rett

Det er Forsand kommune som eig småbåthavna i Fossanhagen, då Forsand kommune har avtale med Hagavika båtforening om leige. Avgiftsbehandlinga vil bli korrigert.

8. Kommunen har ikkje budsjettert på alle prosjekta i 2010, då desse var budsjettert tidlegare år, KR D

Dette vil for framtida bli budsjettert i samsvar med KR D.

9. Sal av eigedom til pris under marknadspris

Det har ikkje vore sal av eigedom under marknadspris. Ein har innhenta takst frå eigedomsmeklar, denne sa at antatt marknadspris var 4 500 000 – 5 000 000, eigdommen vart seld for 5 200 000.

10. Avvik mellom anleggsmodul og balansen

Dette avviket skuldast delsalg av tomter i byggefelt, balansen viser rett verdi og anleggsmodulen vil bli korrigert i samsvar med verdi i balansen.

Forsand 16. august 2011

Ellen K Hagen
- leiar økonomi -

[Tilbake](#)

ROGALAND KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS

Arkivsak : 201100031
Arkivkode : E: 216
Saksbeh. : Per Kåre Vatland

Behandlast av utval: Kontrollutvalet i Forsand	Møtedato 30.08.2011	Utvassaksnr. 21 /2011
--	-------------------------------	---------------------------------

FØREBUING TIL BESTILLING AV FORVALTNINGSREVISJON: INNKJØP TIL DRIFT OG INVESTERING

Bakgrunn

Kontrollutvalet må i løpet av hausten bestille ein ny forvaltningsrevisjon som skal leverast i 2012. Me har lagt opp til ei bestilling i to trinn. I dette møte førebur kontrollutvalet bestillinga med å seie noko om problemstillingar. I det første møtet etter valet vil det ny kontrollutvalet gjere sjølve bestillinga.

Etter planen for forvaltningsrevisjon er det innkjøp som står for tur.

Saksutgreiing

I den førebuande saken er det viktig at kontrollutvalet tenker gjennom kva de ynskjar med å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon på området (føremål). Vidare må dei seie noko om kva dei ynskjer at forvaltningsrevisjonen skal klargjere (problemstillingar).

Det er fleire av våre kontrollutval som har gjennomført forvaltningsrevisjonar av innkjøp. På bakgrunn av ein gjennomgang av desse bestillingane vil me kome med nokre innspel føremål og problemstillingar som kontrollutvalet kan ta utgangspunkt i si vurdering.

Eit viktig føremål med forvaltningsrevisjonen vil vere å undersøkje om lov om offentlige anskaffelser, styrande dokument for innkjøpsområdet og vedtak blir etterlevd i Forsand kommune. Men kontrollutvalet kan og velje å definerast føremålet meir detaljert som til dømes: Prosjektet skal gjennomgå og vurdere kommunens organisering av innkjøpsfunksjonen, om regelverket vert overhalde, og identifisere risiko og praksis ved kjøp av varer og tenester.

Når det gjeld problemstillingar kan fylgjande stikkord nemnas:

- Korleis er innkjøpsfunksjonen i kommunen organisert?
- I kva grad har kommunen tilstrekkelge system og rutinar for gjennomføring og oppfølging?
- I kva grad har kommunen tilstrekkeleg innkjøpsfagleg kompetanse?
- I kva grad vert kjøp gjennomført i tråd med lov- og regelverk?
- På kva områder er det særleg sannsynleg at det kan oppstå brot på regelverk og kva konsekvensar kan dette få?
- Har kommunen inngått rammeavtalar og korleis vert desse utnytta?

Forslag til

VEDTAK:

1. Kontrollutvalet i Forsand ber Rogaland Revisjon lage eit utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjon av innkjøp innan 15. november 2011, slik at dette kan behandlas på siste møtet i år.
2. Prosjektet skal byggje på følgjande:
 - a. Føremål:
 - b. Problemstillingar:
 - i.
 - ii.
 - iii.
 - iv.
 - v.

SANDNES, 24.08.2011

Per Kåre Vatland
Rådgivar

[Saksliste](#)

[Neste](#)

[Førre](#)

ROGALAND KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS

Arkivsak : 200800090
Arkivkode : E: 151
Saksbeh. : Per Kåre Vatland

Behandlast av utval: Kontrollutvalet i Forsand	Møtedato 30.08.2011	Utvallssaksnr. 22 /2011
--	-------------------------------	-----------------------------------

BUDSJETT FOR KONTROLL OG TILSYN 2012 – KONTROLL-UTVALET SITT FORSLAG

Bakgrunn:

Kontrollutvalet har et lovpålagt ansvar for å utarbeide budsjettforslag for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Da kontrollutvalet berre er underlagt kommunestyret, skal kontrollutvalet sitt budsjettvedtak i medhald til føreskrifta leggjast fram for kommunestyret i samanheng med at kommunens samla budsjett for 2012 skal vedtas.

Budsjettet skal omfatte alle utgifter knytt til kontrollutvalets arbeid. Kontrollutvalet vert difor å sjå på som ei "avdeling" med budsjettansvar for eige budsjett. Dette inneber også et ansvar for rekneskap og rekneskapsoppfølging.

Saksutredning:

Føreskrifta pålegg kommunen å ha ei forsvarleg revisjonsordning og eit uavhengig sekretariat. Budsjettforslaget omfattar difor lovpålagte oppgåver.

Budsjettforslaget er delt inn i 3 hovudpunkt; utgifter til kjøp av tenester frå revisjonen, utgifter til kjøp av tenester frå sekretariat, samt andre utgifter til kontrollutvalet (møtegodtgjering, kurs-/opplæring m.m.).

Revisors budsjettforslag:

Forsand kommune er medeigar i og kjøper sine revisjonstenester frå det interkommunale selskapet Rogaland Revisjon IKS. Sekretariatet har mottatt forslag til budsjett frå revisor, styrebehandla 25. august 2011. Budsjettforslaget i et IKS skal også behandlast i representantskapet, og vert behandla her i møtet 05. oktober 2011.

Revisors budsjett omfattar i grove trekk utgifter til vanlig regnskapsrevisjon, attestasjonar, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i medhald til planer vedtatt av kommunestyret, samt oppmøte i kontrollutvalet. Det vises til eige vedlegg frå revisor for oversikt over kva som er forventa brukt til de forskjellige føremåla.

Revisor har i sitt budsjettforslag ikkje endra på timetalen. Men timeprisen er auka. Revisor sitt budsjett vert auka med 3,84 % i høve til i fjor.

Sekretariatets budsjettforslag:

Forsand komme er medeigar i det interkommunale § 27-samarbeidet Rogaland Kontrollutvalgssekretariat IS, og kjøper administrasjonstenester for kontrollutvalet herfrå. Sekretariatet sitt budsjett med fordeling av grunnbeløp til kommunane ble godkjent av styret

den 26. august 2011. Grunnbeløpet for 2012 vert auka med kr 4.000,- som utgjer ei auke på 4,3 %. Endelig avregning foretas iht. vedtektene når rekneskapen er vedteken. Her vart kommunen i 2011 tilbakebetalt kr. 16.000,- (del av rekneskapsoverskot for 2010).

Det er inga ekstrautgifter ut over grunnbeløpet ved ordinær møteverksemd.

Andre utgifter knytt til kontrollutvalet

Andre utgifter knytt til kontrollutvalet er redusert med om lag kr 8.500,-. Då er det auka litt på posten godtgjersle politikarar, medan posten kjøp konsulenttenester er redusert noko.

Kontrollutvalet sitt samla budsjettforslag

Det vert lagd fram eit samla budsjettforslag for kontroll og tilsyn gruppert på de kontoarter som er nytta i kommunens budsjett, sjå vedlegg. Det er dette føreskrifta legger opp til når det, som nemnt innleiingsvis, kontrollutvalet vert pålagt å *utarbeide forslag til budsjett for kontrollutvalet og revisjonen sin samla verksemd.*

Kontrollutvalet sitt budsjettforslag for 2012 er dermed på kr 705.000, som er ein auke i høve til 2011 på 1,6 %. Dette er noko lågare enn vanleg lønns- og prisstigning.

Forslag til

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand tilrår eit samla budsjett på kr. 705.000 inkl. mva for kontroll- og tilsyn for 2011.

SANDNES, 19.08.2011

Per Kåre Vatland
Rådgivar

Vedlegg:

1. [Budsjettoversikt](#)

[Saksliste](#)

[Neste](#)

[Førre](#)



Kontrollutvalet i Forsand

Arkivkode: E: 151
Saksnr. : 200800090**Forslag til budsjett for kontroll og tilsyn 2012**

Ansvar 1 - Teneste 1002	Vedtatt kst bud. 2012	Budsjett 2012	Budsjett 2011	Regnskap 2010
Budsjettforslag 2011				
Godtgjersle politikarar mm.		57 000	55 500	5 050
Tapt arbeidsforteneste				1 589
Arbeidsgjevaravgift		8 000	7 800	936
Kurs og opplæring		15 000	15 000	1 300
Reiseutgifter mm.		10 600	10 650	230
Kontingentar		1 000	1 000	
Kjøp konsulenttenester m.m.		40 000	50 000	
Andre utgifter kontrollutvalet	0	131 600	139 950	9 105
Kontrollutvalssekretariatet		96 000	92 000	82 750
Kjøp tenester frå revisjonen		354 375	341 250	331 175
Mva		123 025	120 800	103 619
Budsjettramme	0	705 000	694 000	526 649
Budsjettauke i %		1,6 %		

[Tilbake](#)

ROGALAND KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS

Arkivsak : 200800209
Arkivkode : E: 212
Saksbeh. : Per Kåre Vatland

Behandlast av utval: Kontrollutvalet i Forsand	Møtedato 30.08.2011	Utvallsaksnr. 23 /2011
--	-------------------------------	----------------------------------

BUDSJETTOPPFØLGING KONTROLL OG TILSYN PR 31.07.2011 - RAPPORT

Bakgrunn

Sidan kontrollutvalet har budsjettansvar for kontroll og tilsynsarbeidet i kommunen, er dei og ansvarleg for å følgje opp budsjettet gjennom året. Som vanlegg legg me fram ei rapport pr 31.07.11 som visar kor mykje som er brukt så langt i år.

Saksutgreiing

Kommunen førar utgiftene på politikarane på sentrale konti, difor er det meste av desse utgiftene ikkje komme med i oversikta. Det einaste som er kom med er kontingentar.

Når det gjeld kjøp av tenester frå kontrollutvalsekretariatet er det brukt 50 % av budsjettet så langt i år. Kommunen har betalt for 8 månader så langt. Når forbruket er berre 50% heng dette saman med at sekretariatet har tilbakebetalt kommunen deira del av overskot i sekretariatet for 2010. Det vil derfor bli eit mindreforbruk på denne posten på årsbasis

Når det gjeld kjøp revisjonstenester, er det brukt 50,1 %. Revisjonen kommenterar sitt forbruk slik: *”Det er utført 3 av 6 mva komp attestasjoner. Mye statlige erklæringer samles rundt årsskiftet. Årsoppgjør 2010 er slutført og regnskapsrevisjon 2011 er påbegynt . På forvaltningsrevisjon er kommunens styringssystem under arbeid mens selskapskontroll Ryfylke miljøverk iks er levert. Overordna analyse er bestilt.”*

Forslag til

VEDTAK:

[Kontrollutvalet i Forsand tek budsjettoppfølgning pr 31.07.11 til etterretning](#)

SANDNES, 24.08.2011

Per Kåre Vatland
Rådgivar

Vedlegg:

1. [Budsjettoppfølgning pr 31.07.11](#)

[Saksliste](#)

[Neste](#)

[Førre](#)



Kontrollutvalet i Forsand

Arkivkode: E: 212
Saksnr. : 200800209

Budsjettoppfølging kontroll og tilsyn pr 31.07.2011 - rapport

	Vedtak K.utv	Vedtak Kst.	Forbruk 2. Tertial	%
Kommunens regnskap viser:				
Godtgjersle politikarar mm.	63 300	63 300		
Kurs og opplæring	15 000	15 000		
Reiseutgifter mm.	10 650	10 650		
Kontingentar	1 000	1 000	1 100	110,0 %
Kjøp konsulenttenester m.m.	50 000	50 000		
Kontrollutvalssekretariatet	92 000	92 000	46 000	50,0 %
Sum utgifter kontrollutvalet	231 950	231 950	47 100	20,3 %
Kjøp tenester frå revisjonen	341 250	341 250	171 100	50,1 %
Mva	120 800	120 800	58 275	
Budsjettramme	694 000	694 000	276 475	39,8 %

	Vedtak K.utv	Vedtak Kst.	Forbruk 2. Tertial	%
Frå oversikta til revisjonen				
Regnskapsrevisjon, attestasjonar mm.	256 750	256 750	154 700	60,3 %
Forvaltningsrevisjon/selskapskontroll	84 500	84 500	31 850	37,7 %
Sum kjøp revisjonstenester	341 250	341 250	186 550	54,7 %

[Tilbake](#)

ROGALAND KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS

Arkivsak : 200800036
Arkivkode : E: 026
Saksbeh. : Per Kåre Vatland

Behandlast av utval: Kontrollutvalet i Forsand	Møtedato 30.08.2011	Utvalssaknr. 24 /2011
--	-------------------------------	---------------------------------

REVISOR SI UAVHENGIGHET - EIGENERKLÆRING FRÅ OPPDRAKSANSVARLEG REVISOR

Bakgrunn

Etter føreskrifta om revisjon i kommunar og fylkeskommunar § 15, skal oppdragsansvarleg revisor årlig og elles ved behov gje ei skriftleg eigenvurdering om sin uavhengigheit, til kontrollutvalet.

Ifølge Kommunelovens § 79 skal den som foretar revisjon for ein kommune ikkje ta oppdrag for kommunen dersom revisor eller revisor sine nærstående har ei slik tilknytning til kommunen at den kan svekka revisor sin uavhengigheit og objektivitet. I tillegg seier forskrifta §§ 13 og 14 noko om kva krav som vert stilt til at revisor skal vera uavhengig, og kva avgrensingar som finst for revisor ved gjennomføring av revisjonsoppdraget.

Saksframstilling

Erklæringa frå revisor er en eigenerklæring for oppdragsansvarleg revisor sin uavhengigheit i forhold til Forsand kommune.

Som det går fram av kommentarane til § 15, stilles det same krav om uavhengigheit og objektivitet både til oppdragsansvarleg revisor og til denne sine medarbeidarar. Men kravet om dokumentasjon i forhold til kontrollutvalet (eigenerklæring), gjelder berre oppdragsansvarleg revisor. Erklæringa skal som nemnt gjevast årlig, dersom det ikkje ligg føre tilhøve som gjer at erklæringa må gjevast hyppigare.

Erklæringa vert gitt på revisors eige ansvar og skal ikkje godkjennast av kontrollutvalet, men tas til orientering.

Forslag til

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand tek den framlagde uavhengighetserklæringa frå oppdragsansvarlig revisor i Forsand kommune til orientering.

SANDNES, 10.08.2011

Per Kåre Vatland
Rådgivar

Vedlegg:

1. [Revisor si uavhengighetserklæring.](#)

[Saksliste](#)

[Neste](#)

[Førre](#)

Til kontrollutvalget i Forsand kommune

Vurdering av oppdragsansvarlig revisors uavhengighet overfor Forsand kommune

Innledning

I henhold til forskrift om revisjon (revisjonsforskriften) § 12 skal oppdragsansvarlig revisor for kommuner ha ført en hederligandel. Oppfølging av dette kravet tilligger kontrollutvalget, jmfør merknader til nevnte bestemmelse.

I følge revisjonsforskriften § 15 skal oppdragsansvarlig revisor hvert år, og ellers ved behov, avgi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget. Krav til uavhengighet og objektivitet gjelder også for revisors medarbeidere, men det er kun oppdragsansvarlige revisorer som plikter å legge fram en skriftlig vurdering for kontrollutvalget.

Lovkrav til revisors uavhengighet

Følgende fremgår av kommuneloven § 79:

Den som foretar revisjon for en kommune eller fylkeskommune kan ikke ivareta revisjons- og kontrolloppdrag for kommunen eller fylkeskommunen dersom revisor eller dennes nærstående har en slik tilknytning til revidert eller kontrollert virksomhet, dens ansatte eller tillitsmenn, at dette kan svekke revisors uavhengighet og objektivitet. Som nærstående regnes

- a) ektefelle og en person som vedkommende bor sammen med i ekteskapsliknende forhold,
- b) slektninger i rett oppstigende eller nedstigende linje og søsken, og deres ektefeller eller personer som de bor sammen med i ekteskapsliknende forhold og
- c) slektninger i rett oppstigende eller nedstigende linje og søsken til en person som nevnt under bokstav a).

Det samme gjelder dersom det foreligger særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisors uavhengighet og objektivitet ved gjennomføring av oppgavene. Ansettelse som revisor i kommunen eller fylkeskommunen, eller i en interkommunal samarbeidsordning, medfører ikke i seg selv at revisoren mangler nødvendig uavhengighet og objektivitet.

Krav til uavhengighet er nærmere spesifisert i revisjonsforskriften § 13.

- Revisor kan etter denne forskrift ikke inneha andre stillinger hos kommunen eller fylkeskommunen eller i virksomhet som den kommunen eller fylkeskommunen deltar i ved siden av revisoroppdraget.
- Revisor kan ikke være medlem av styrende organer i virksomhet som kommunen eller fylkeskommunen deltar i.

- Revisor kan ikke delta i, eller ha funksjoner i annen virksomhet når dette kan føre til at vedkommendes interesser kommer i konflikt med interessene til oppdragsgiverne eller på annen måte er egnet til å svekke tilliten til den som foretar revisjon.

I tillegg er det følgende begrensninger ved gjennomføring av oppgaver, jf. revisjonsforskriften § 14:

- revisor kan ikke utføre rådgivnings- eller andre tjenester der dette er egnet til å påvirke eller reise tvil om revisors uavhengighet og objektivitet
- revisor kan ikke yte tjenester som hører inn under den revisjonspliktiges (dvs kommunes) egne ledelses- og kontrolloppgaver
- revisor kan ikke opptre som fullmektig for den revisjonspliktige, unntatt ved bistand i skattesaker etter domstoloven.

Oppdragsansvarlig revisors vurdering av uavhengighet

Pkt 1: Ansettelsesforhold	<i>Undertegnede har ikke ansettelsesforhold i andre stillinger enn i Rogaland Revisjon IKS. Rogaland Revisjon IKS har avtale med Cicel T. Aarrestad, enkeltmannsforetak, org. nr. 962493785, som reviderer oppdrag etter revisorloven hvor IKS-et ikke kan ha oppdraget. Selskapet leier ansatte i Rogaland Revisjon IKS iht. egen avtale, slik at ansatte kan få relevant praksis og dermed sin autorisasjon.</i>
Pkt 2: Medlem i styrende organer	<i>Undertegnede er ikke medlem av styrende organ i noen virksomhet som Forsand kommune deltar i.</i>
Pkt 3: Delta eller inneha funksjoner i annen virksomhet, som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit	<i>Undertegnede deltar ikke i eller innehar funksjoner i annen virksomhet som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit til rollen som revisor.</i>
Pkt 4: Nærstående	<i>Undertegnede har ikke nærstående som har slik tilknytning til Forsand kommune at det har betydning for uavhengighet og objektivitet.</i>
Pkt 5: Rådgivnings- eller andre tjenester som er egnet til å påvirke revisors habilitet	<p>Før slike tjenester utføres foretas det en vurdering av rådgivningens eller tjenestens art i forhold til revisors uavhengighet og objektivitet. Dersom vurderingen konkluderer med at utøvelse av slik tjeneste kommer i konflikt med bestemmelsen i forskriften § 14, skal revisor ikke utføre tjenesten. Hvert enkelt tilfelle må vurderes særskilt.</p> <p>Revisor besvarer løpende spørsmål/henvendelser som er å betrakte som veiledning og bistand og ikke revisjon. Paragrafen sier at også slike veiledninger må skje med varsomhet og på en måte som ikke binder opp revisors senere revisjons- og kontrollvurderinger.</p>

	<i>Undertegnede har ikke ytt rådgivnings- eller andre tjenester overfor Forsand kommune som kommer i konflikt med denne bestemmelsen.</i>
Pkt 6: Tjenester under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver	<i>Undertegnede har ikke ytt tjenester overfor Forsand kommune som hører inn under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver.</i>
Pkt 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	<i>Undertegnede opptrer ikke som fullmektig for Forsand kommune.</i>
Pkt 8: Andre særegne forhold	<i>Undertegnede kjenner ikke til andre særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til uavhengighet og objektivitet.</i>

Stavanger, 16.05.2011

Rogaland Revisjon IKS

Cicel T. Aarrestad

Cicel T. Aarrestad

Revisjonsdirektør/
statsautorisert revisor

[Tilbake](#)

ROGALAND KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS

Arkivsak : 200800045
Arkivkode : E: 216
Saksbeh. : Per Kåre Vatland

Behandlast av utval: Kontrollutvalet i Forsand	Møtedato 30.08.2011	Utvallssaksnr. 25 /2011
--	-------------------------------	-----------------------------------

STATUSOVERSIKT KONTROLLUTVALGET SINE SAKER

Bakgrunn

Oversikt over status prosjekter og kontrollar har endra namn til Statusoversikt kontrollutvalets saker. Dette for å synleggjer at kontrollutvalet og har andre saker dei skal følgje opp som til dømes merknader til årsrekneskapen. Oversikta er som vanleg oppdater fram til dette møtet.

Saksutgreiing

Kontrollutvalet skal i dette møtet få tilbakemelding frå revisjonen på kor mange timar dei treng til den overordna analysen. Vidare skal utvalet i dette møtet behandle rapporten om selskapskontrollen i Rogaland Revisjon IKS. Ut over dette har kontrollutvalet ein forvaltningsrevisjonsrapport som ein forventar vert klar til sist møte i år.

Kontrollutvalet følgjer i dette møtet opp revisjonen sine merknader til årsrekneskapen. Ut over dette har kontrollutvalet ein selskapskontroll som skal følgjast opp våren 2012

Forslag til

VEDTAK:

[Kontrollutvalet i Forsand tek statusoversikt kontrollutvalets saker – august 2011 til orientering.](#)

SANDNES, 23.08.2011

Per Kåre Vatland
Rådgivar

Vedlegg:

1. [Statusoversikt kontrollutvalet sine saker – august 2011](#)

[Saksliste](#)

[Neste](#)

[Førre](#)



Kontrollutvalet i Forsand

Arkivkode: E: 216
Saksnr. : 200800045

Statusoversikt kontrollutvalgets saker - august 2011

Saker frå bestilling*) til handsaming i kontrollutvalet

<i>Forvaltningsrevisjonar</i>	Vedtatt satt i gang	Estimert timeforbruk	Status / forventa ferdig	Merknad
1. Kommunen sitt styringssystem	30.11.10	100 timar		Kontrollutvalet ynskjer rapporten ferdig til møtet i september
<i>Selskapskontrollar</i>				
1. Rogaland Revisjon IKS	12.04.11		30.08.11	<i>Behandlast i møtet 30.08.11</i>
<i>Andre saker</i>				
1. Overordna analyse til ny plan for forvaltningsrevisjon	24.05.11		01.04.12	<i>Revisor kjem med forventa timeforbruk til møtet 14.09.11</i>

*) Saker eller forhold som skal behandlast i dette møtet er skreve med kursiv

Saker under politisk handsaming og til vidare oppfølging

<i>Forvaltningsrevisjonar</i>	Tinga	Handsama	Handsama av km/ dato	Planlagt følgd opp	Kommentar
1.					
<i>Selskapskontrollar</i>					
1. Ryfylke Miljøverk IKS	19.04.10	12.04.11	Kst: 10.05.11		Våren 2012
<i>Andre saker til oppfølging</i>					
1. Revisjonen sine merknader til årsrekneskapen 2010			30.08.10		<i>Følgjast opp i møtet 30.08.11</i>

Saker som er avslutta

<i>Forvaltningsrevisjonar</i>	Tinga	Handsama av K.utv	Handsama av / dato	Følgd opp av K.utv.	Kommentar
1. Kommunen sine forsikringar	19.04.10	30.11.10	Kst: 14.12.10	24.05.10	
2. Etikk	29.05.07	08.12.09	Kst: 16.02.10	30.11.10	
3. Arealplanlegging og utbyggingsområdar	28.03.06	29.05.07	Kst: 27.11.07	16.06.08	
4. Overordna analyse	11.09.07	09.09.08	Kst: 10.02.09		Plan for forvalt. revisjon handsama i kst. 10.02.09
5. Hendendingar frå innbyggjarane	28.11.06	09.09.08	Kst: 28.10.08	08.09.09	
<i>Selskapskontrollar</i>					
1. Gjesdal Bompengeselskap AS	09.09.08	08.12.09	Kst: 16.02.10		Oppfølging var ikkje nødvendig
2. Avanti Ryfylke AS	05.04.05	20.11.07	Kst: 18.12.07		
3. Ryfylke IKS	11.09.06	19.12.07	Kst: 28.01.08		
4. Ryfylke Miljøverk IKS	16.02.05	03.10.06	Kst: 25.10.06		Rådmannen vil sjå på Hjelmeland sin eigarstrategi. Følgjast opp seinare.
<i>Andre saker til oppfølging</i>					

[Tilbake](#)

ROGALAND KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS

Arkivsak : 200800036
Arkivkode : E: 026
Saksbeh. : Per Kåre Vatland

Behandlast av utval: Kontrollutvalet i Forsand	Møtedato 30.08.2011	Utvallsaksnr. 26 /2011
--	-------------------------------	----------------------------------

ORIENTERING OM OVERORDNA REVISJONSTRATEGI 2011

Bakgrunn

Etter kommunelovens § 77, 4. ledd skal kontrollutvalet ”*påse at kommunens ... regnskaper blir revidert på betryggende måte*”. Tilsynet vert gjennomført ved at revisjonen rapporterer til kontrollutvalet på dei ulike trinna i revisjonsprosessen. Rapporteringa dekkjer både planlegging, gjennomføring/oppsummering av arbeidet. I denne omgang vil revisor presentere overordna revisjonsstrategi som viser korleis revisor planlegger årets revisjon.

Saksframstilling

I følge forskrift om revisjon § 4 og god kommunal revisjonsskikk, skal revisjonen kvart år utarbeide en plan for revisjon av regnskapet. Dette er eit internt dokument som styrer det arbeidet revisor må gjere for å kunne bekrefte rekneskapen. Sidan det er eit internt dokument vert det ikkje utlevert til kontrollutvalet, men revisjonen vil gi en munnleg orientering til utvalet om hovudtrekka. Opplysningar som kjem fram i møtet er unnateke offentleggjering i medhald av Offentleglova § 24

Forslag til

VEDTAK:

[Kontrollutvalet i Forsand tek presentasjonen av overordet revisjonsstrategi 2011 til orientering.](#)

SANDNES, 10.08.2011

Per Kåre Vatland
Rådgivar

[Saksliste](#)

[Neste](#)

[Førre](#)

ROGALAND KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS

Arkivsak : 201100017
Arkivkode : E: 216
Saksbeh. : Per Kåre Vatland

Behandlast av utval: Kontrollutvalet i Forsand	Møtedato 30.08.2011	Utvallssaksnr. 27 /2011
--	-------------------------------	-----------------------------------

RAPPORT SELSKAPSKONTROLL: ROGALAND REVISJON IKS

Bakgrunn

Kontrollutvalet bestilte våren 2011 selskapskontroll med forvaltningsrevisjon i Rogaland Revisjon IKS. Selskapet er eigd av kommunane Bjerkreim, Eigersund, Finnøy, Forsand, Gjesdal, Hjelmeland, Hå, Kvitsøy, Lund, Rogaland Fylkeskommune, Randaberg, Sandnes, Sokndal, Sola, Stavanger og Strand. Alle eigarkommunane unntatt Eigersund kommune har deltatt i selskapskontrollen.

Formålet har vore å sjå til at det vert gjennomført kontroll med forvaltninga av eigarinteressene i selskapet, i tillegg til ein overordna forvaltningsrevisjon av utvalde forhold i selskapet. Nærmare bestemt vart det vedtatt å sjå nærare på følgjande:

Eigarskapskontroll:

- Fører kommunane kontroll med sine eigarinteresser i Rogaland Revisjon IKS?
 - Har kommunane etablert rutinar for oppfølging og evaluering av sine eigarinteresser?
 - Er rutinane gode nok, og blir dei fylgt?

Forvaltningsrevisjon:

- Korleis håndterer selskapet etikk, arbeidsmiljø og miljøvern?
- Har selskapet ei økonomiforvaltning, herunder budsjettutinar og regnskapsrapportering, som er i tråd med gjeldande lovregler og avtalar som er inngått?
- Korleis er finansforvaltninga lagt opp?
- Vert lov om offentlige anskaffelser halden (dersom denne er aktuell for selskapet)?

Saksutgreiing

Rapporten er nå klar, og vert lagt fram for kontrollutvala til behandling. Då denne selskapskontrollen ikkje kunne gjennomførast av kommunens faste revisor – som er Rogaland Revisjon IKS, har oppdraget vore utført av ReVisor AS, som er eit dotterselskap av Hedmark Kommunerevisjon IKS. Då selskapet har kontora sine på Elverum, har vi funne det mest praktisk at det vert lagt opp til ein felles presentasjon av rapporten for alle kontrollutvala som har bestilt rapporten. Dette vert å sjå på som første del av behandlinga. Det vil ikkje verta nokon form for realitetsbehandling på dette møtet, men det vil vera høve til å stilla spørsmål og evt. ha ein diskusjon rundt rapporten. Endeleg behandling der det vert fatta vedtak vil bli i første ordinære møte i kontrollutvalet. For orientering om sjølve rapporten vert det derfor vist til presentasjonen den 25. august 2011.

Eigarskapskontrollen:

ReVisor merker i gjennomgangen av eigarskapet spesielt for Forsand kommune sin del at kommunestyret i sak frå 2009 har behandla sak om eigardelar og selskapsstrategi. I desse er det sett krav til rapportering. Kommunen kan instruere eigarrepresentanten og ein skal ha politisk avklaring i forkant i vesentlege saker.

På generell basis vert spesielt følgjande forhold kommentert:

- dei fleste eigarrepresentantane har i liten grad fått opplæring om eigarstyring
- fleire av eigarrepresentantane er kontrollutvalsmedlemmer (bl.a. Hjelmeland kommune sin representant). Då vedkommande både får ansvar for tilsyn med revisor og samtidig skal ivareta eigarinteressene til kommunen vil dette etter ReVisors vurdering medføra utfordringar knytt til habilitet. Dette gjeld ikkje Hå sin representant.
- representantskapets leiar bør ikkje møta som observatør på styremøta, då det fort kan bli ei blanding av eigarrolla og styrerrolla. Dette er heller ikkje anbefalt i KS' eigarmelding.

ReVisors anbefaling til eigarane (representantskapet) er følgjande:

Dei eigarkommunane som ikkje har vedtatt eigarstrategi og/eller eigarmelding, vert anbefalt å leggja fram slik sak til politisk behandling. For å sikra at eigarrepresentantane etterlever dei strategiar som er vedtatt, vert det anbefalt å styrka opplæringa knytt til eigarstrategi og eigarstyring.

Gjennomgangen knytt til selskapet peiker først og fremst på følgjande forhold:

- selskapet gir gjennom sitt regnskap uttrykk for at selskapet er av forretningsmessig karakter i og med at selskapet vert sett på som skattepliktig. På den andre sida gir eigarane gjennom direkte anskaffing av revisjonstenester uttrykk for at selskapet drives i eigenregi.
- styreverva i selskapet er ikkje registrert i styrevervregisteret

ReVisors anbefalingar til selskapets styre er følgjande:

Eigarkommunane vert anbefalt å ta stilling til om selskapets oppgåver er tildelt i eigenregi og om selskapet har erverv til formål. Bestemmelser om dette bør tydelig gå fram av selskapsavtalen, eventuelt av vedtektene.

Selskapet vert anbefalt å registrera styrerepresentantane i styrevervregisteret i tråd med dei krav som stilles av kommunane, jf. 19 anbefalingar til godt eigarskap pkt. 16.

Forvaltningsrevisjon:

Når det gjelder områda knytt til forvaltningsrevisjon i selskapet, har selskapet etter ReVisors vurdering etablert tilfredsstillande retningslinjer knytt til etikk. ReVisor presiserer imidlertid at man ikkje har kontrollert i kva for grad retningslinjene er gjort kjent for tilsette, i kva grad dei er tema på kontormøte og i kva grad retningslinjene faktisk vert etterlevd.

ReVisor har heller ikkje kommentarar til den gjennomgangen som er gjort når det gjeld rutinar knytt til arbeidsmiljøet. Det vert presisert at man heller ikkje her har kontrollert i kva grad rutinane er gjort kjent, er tema på kontormøte og elles vert etterlevd.

ReVisor peiker vidare på at eigarane etter deira vurdering har gitt overordna signaler som til dels omhandlar miljøvern. Det vert spesielt peika på at ein av dei største eigarane; Stavanger kommune, har hatt som mål at alle verksemder skal vera miljøsertifisert innan 2011, sjølv om dette arbeidet er noko forsinka. Selskapet opplyser imidlertid at det ikkje er stilt krav frå

eigarane m.o.t. miljøvern. Dette viser etter revisors vurdering at selskapet ikkje fullt ut har tatt omsyn til dei signala som har kome frå enkelte av eigarane, deriblant Stavanger kommune.

Revisor har følgjande anbefaling knytt til områda etikk, arbeidsmiljø og miljøvern:

Rogaland Revisjon IKS vert anbefalt å vurdere overordna krav knytt til miljøvern i eigarmeldinga hos enkelte av eigarane, og Stavanger kommune spesielt, og vurdere korleis desse skal innarbeidast i selskapets retningslinjer og rutinar.

Etter ReVisors vurdering er behandlinga i av årsrekneskap, årsbudsjett og økonomiplanen i samsvar med bestemmelser i lov og forskrift. Økonomiforvaltninga for øvrig er etter ReVisors vurdering tilfredsstillande, og revisjonsdirektøren sørgjer for jamleg rekneskapsrapportering til styret i selskapet. *ReVisor har derfor heller ikkje anbefalingar knytt til dette punktet.*

Det same gjeld for selskapets finansforvaltning, men ReVisor finner likevel her grunn til å peika på at midla som er opptent i selskapet i det alt vesentlegaste er midlar frå eigar-kommunane. Det er i første omgang styret og representantskapet som må vurdere om midlar skal tilbakeførast til / utbetalast til eigarane, og om opptent eigenkapital i selskapet er tilstrekkeleg.

ReVisor har til slutt sett på selskapets etterleving av regleverk om offentlige anskaffelser, og har ikkje funnet signaler på at selskapet ikkje etterlever regelverket. Som tidligare nemnt vert selskapet imidlertid anbefalt å ta stilling til om selskapet driv i eigenregi og eventuelt nedfella dette i selskapsavtalen.

Oppsummert har ReVisor ingen anbefalingar knytt til forvaltningsrevisjonen, men kommer med desse anbefalingane knytt til eigarskapskontrollen:

- *Dei eigarkommunane som ikkje har vedtatt eigarstrategi og/eller eigarmelding, vert anbefalt å leggja fram slik sak til politisk behandling.*
- *For å sikra at eigarrepresentantane etterlever dei strategiar som er vedtatt, vert det anbefalt å styrka opplæring knytt til eigarstrategi og eigarstyring.*
- *Eigarkommunane vert anbefalt å ta stilling til om selskapets oppgåver er tildelt i eigenregi og pm selskapet har erverv til formål. Bestemmelser om dette bør tydelig gå fram av selskapsavtalen, eventuelt av vedtektene.*
- *Selskapet vert anbefalt å registrera styrerepresentantane i styrevervregisteret i tråd med dei krav som vert stilt av kommunane, jf. 19 anbefalingar til godt eigarskap pkt. 16.*
- *Rogaland Revisjon IKS vert anbefalt å vurdere overordna krav knytt til miljøvern i eigarmeldinga hos enkelte av eigarane, og Stavanger kommune spesielt, og vurdere korleis desse skal innarbeidast i selskapets retningslinjer og rutinar.*

Representantskapet og styret har fått anledning til å knytte kommentarer til rapporten. Det samme gjelder eierrepresentantane fra den enkelte kommune. Det har kommet tilbakemelding fra seks av kommunene. Kommentarene finnes i sin helhet som vedlegg i rapportens siste del.

Fleire av kommentarane går på oppretting av feil i rapporten, noko som er gjort i den versjonen som nå ligg føre til behandling. Elles kan det peikast på følgjande kommentarar (utdrag):

- Revisjonsdirektøren har uttalt at rapporten gir eit godt grunnlag for pågåande prosess med utvikling av eigarstrategi i selskapet. Man forventar at eigaranes syn på rammebetingelser og skattesituasjon vil bli avklart i løpet av hausten.

- Bjerkreim kommune peiker i sin uttale på at det er ønskelig å få besvart spørsmålet om kor stor ”buffer” som er nødvendig i eit interkommunalt selskap med 20 tilsette.
- Sola kommune peiker på skatteproblematikken i sin høyringsuttale, og gir uttrykk for at denne problemstillingen bør drøftast i styre og representantskap.

For fullstendig oversikt over innkomne kommentarar vises det til rapporten.

Sidan revisor er inhabil i denne saka, skal revisor forlata møtet ved behandling av saka.

Forslag til

VEDTAK:

- Kommunestyret i Forsand tar den framlagde selskapskontrollen av Rogaland Revisjon IKS til etterretning.
- Rapporten oversendes selskapets styre og eigarorgan. Kontrollutvalet får tilbakemelding frå eigarane på korleis rapportens anbefalingar er fylgt opp innan 1. juni 2012.

SANDNES, 23.08.2011

Per Kåre Vatland
Rådgivar

Vedlegg:

1. Rapport selskapskontroll Rogaland Revisjon IKS.

[Saksliste](#)

[Meldingar](#)

[Førre](#)

MELDINGAR

Periode: 16. april 2011 - 30. august 2011

Nr. **Referatsakstittel**

6/11 [Evaluering av kontrollutvalet sitt arbeid i perioden](#)

[Saksliste](#)

[Førre](#)